

Slår alarm om brannalarmer

Ein av tre rogalandsbønder er direkte misnøgde med brannvarslingsanlegget på garden. Anleggsfeil fører til at bønder skruer av anlegget. – Øydeleggjende for branntryggleiken på gardane, konkluderer rapport.

Sjur Haaland

– Overraskande mange er misnøgde, summerer forskar ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB), Olav Eggebø.

Arbeidsrapporten som er levert på oppdrag frå Rogaland Bondelag, Rogaland fjørfelag, Norsvin Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland avslører at medan 36,5 prosent seier seg nøgde med brannvarslingsanlegget på garden, svarar 26,7 prosent at dei er delvis nøgde. Heile 33,4 prosent svarar at dei er direkte misnøgde med anlegget sitt. Spørjeundersøkinga er basert på respons frå 614 av i alt 1515 bønder som fekk e-post-invitasjon til å delta.

Vil finna løysing

– No blir det opp til oppdragsgjevarane å bruke tala vidare. Målet er å få bukt med problema med brannvarslingsanlegga i samråd med fabrikantane og forsikringselskapa, understrekar Eggebø.

Forskaren held fram at HLB si rolle er nøytral, men han legg ikkje skjul på at det har vore skremmande å oppdaga at mange vel å skru av anlegget på grunn av mange falske alarmer.

Marknadsleiar Elotec er installert hjå 72,6 prosent av dei som har svart på undersøkinga. Dei andre anlegga er Drenge, Icas og Autronica. Rapporten syner at det er knytt mest misnøye til Elotec og Icas.

Skrur av

Av dei som ikkje var heilt nøgde



FUNGERER: Forskar ved HLB Olav Eggebø (t.v.) og bonde Leif Harbo frå Klepp i Rogaland konstaterer at Harbo sitt brannvarslingsanlegg no fungerer som det skal. Leif Harbo har to anlegg frå Elotec på garden. Det eldre anlegget har han meir eller mindre gitt opp å få til å fungere tilfredsstillande. Det nyaste anlegget fungerer no etter eitt år med intens prøving og feiling.

med anlegget på garden sin, svarta 74 prosent at feilmelding var hovudårsaka til misnøya. Falske alarmer, høg kostnad og dårleg kvalitet er andre hyppige svar.

Rapporten held fram at talet på falske alarmer fører til «immunitet» hjå nokre, og at enkelte rett og slett skruer av anlegget for å få fred.

– Då er dei i realiteten utan varsling ved brann. Ein slik situasjon med feil og frustrasjon er øydeleggjane for branntryggleiken på gardane rundt i Rogaland, blir det slått fast i rapporten.

Nye anlegg best

Bøndene vel i stor grad brannvarslingsanlegg ut frå tilrådingane frå forsikringselskapet. Rapporten summerer med at prosjektering og installering har betydning for korleis anlegget fungerer. Dei som har fått anlegget

prosjektert av leverandøren er meir nøgde enn i dei høva der elektroinstallatøren har stått for prosjekteringa.

Nyare anlegg fungerer best. Dei som har installert brannvarslingsanlegg etter 2008 er betydeleg meir nøgde enn dei som

har eldre brannvarslingsanlegg. Anlegg monterte i åra mellom 2004–2008 skil seg særleg ut i negativ lei.

– Varslingsanlegg reddar store verdier

– Det er montert ca. 25.000 godkjende brannalarmanlegg i landbruket i dag. Vi veit frå mange undersøkingar at anlegga saman med bondens innsats reddar livet til tusenvis av husdyr og bergar mange 10-tals millionar i verdier kvart år, presiserer Odd A. Rød, fagdirektør brann hjå Gjensidige.

– Det viktigaste tiltaket for å avgrensa talet på brannar er installasjon av FG-godkjende brannalarmanlegg saman med godkjent elkontroll med termofotografering kvart tredje år. Begge disse tiltaka gir i tillegg monale-

ge rabattar i forsikringspremien, held han fram.

– Vi er kjent med at et fåtal av dei 25.000 anlegga ikkje fungerer tilfredsstillande. Dette viser også denne undersøkinga, sjølv om ho gir eit noko skeivt bilete av situasjonen sidan det er sannsynleg at dei som er misnøgde responderer i langt høgare grad enn dei som er nøgde seier Rød.

– Det er sterkt beklageleg at gardbrukarar med anlegg opplever at dei ikkje fungerer slik dei skal. Gjensidige har full forståing for at det er skremmande å få feilalarm gong etter gong,

og at tilliten til anlegget dermed svekkjast. Men dei som slår av anlegget utan å gje melding til forsikringselskapet kan risikere avkorting i erstatninga i tilfelle brann, understrekar fagdirektøren.

– Dette fordi ein har betalt for liten premie i forhold til risikoen så lenge anlegget er slått av og rabatten framleis er i kraft.

Rød oppmodar alle gardbrukarar som har anlegg med problem å kontakta produsenten direkte.

– Det viktigaste må vera å få alle anlegga opp på eit tilfredsstillande tryggleiksnivå, seier han.

Vi synes også gården din er flott, og forsikrer den gjerne for deg!

Sjekk prisene hos oss. Vi er spesialistene på landbruk.

Landbruksforsikring eies av landbrukssamvirket, og vi tilbyr derfor bonden skreddersydde produkter til gunstige priser.

Du kan enkelt beregne kostnader og bestille alle forsikringene direkte på nett.

Les mer og bestill på Landbruksforsikring.no eller ring **05263** for å snakke med en rådgiver.



Landbruksforsikring
– bondens eget forsikringsselskap